

RAPPORT - SEDIMENTKVALITET



Fjord-Lab AS
- et Fishguard selskap



Postadr.: Pb. 7, 6701 Måløy
Epost: post@fjordlab.no
Telefon: 57 85 08 90
Mobil: 975 65 504

Lokalitet: Stranda i Flora kommune – før planlagt utfylling.

Sedimentkvalitet ved Stranda 26.04.2013 - Førebels resultat og vurdering pr 05.09.2013

Rapport for:

Selskap : Flora Hamn KF
Lokalitet : Stranda
Kommune : Flora
Fylke : Sogn og Fjordane
Område : Vest for Fugleskjærskai
Prosjektansvarleg : Jan Arne Holm
Fjord-Lab ref. : Journal nr. 1008-13, Versjon 12.06.2013

Trinn 1 (rapport her)

Måling av : Miljøgifter i botnsediment
Gransking av : Miljøtilstand på botn
Prøvetaking : 26.04.2013
Rapportert : 05.09.2013
Feltarbeid : Jan Arne Holm
Vurdering ved : Jan Arne Holm

Trinn 2 (framlegg til metode)

Straummåling : 26.04. – 06.06.2013 (eigen rapport)
Feltarbeid : Jan Arne Holm
Rapportert : Ikkje rapportert
Berekning av : Spreiingsrisiko ved utfylling
Berekning ved : Jarle Molvær
Vurdering ved : Jan Arne Holm og Jarle Molvær



Fjord-Lab AS

- et Fishguard selskap



Vedlegg: Grenseverdier for miljøgifter, Analyserapportar

Separat rapport: Straumrapport frå Stranda

Innleiing

Det kommunale selskapet Flora Hamn KF i Flora kommune planlegg i samarbeid med Kystverket og iVest Consult utdjupeing av skipsleia inn til Florø hamn. Utdjupeinga vil bli utført ved sprenging av fjell på sjøbotnen, oppgraving og vekkfrakting til utfyllingsstad. Frakting av masse vil føregå på lekter med botnluker.

Ved brev av 21.01.2013 m.a. til Fjord-Lab AS, ber iVest Consult om pristilbod på miljøgransking i to trinn i havnebassenget i Florø, der steinmassane er planlagt utfylt. I brev av 06.03.2013 frå iVest Consult er omsøkt utfylling redusert til eit mindre område sentralt i hamna: Stranda.

Miljøundersøkinga er avgrensa til sjøbotn i området som er aktuelt å fylle / deponere masse, evt. influensområdet rundt dette, og som kan bli påverka av suspendert stoff frå deponeringa.

Føremålet med undersøking i fyllingsområdet er klarlegging av mogeleg ureining på sjøbotn, samt oppvirvling, transport og effekter av partiklar og eventuelle ureina stoff frå botnsedimenta, som kan skje ved utfylling.

Fjord-Lab har i tilbod til iVestConsult av 18.02.2013, 15.03.2013 og 15.04.2013 beskrevet gjennomføring av granskningane. I brev frå iVest Consult av 21.03.2013 er oppdraget tildelt Fjord-Lab AS. Flora Hamn KF har signert avtalen den 10.05.2013.

Trinn 1 (T1) ved Stranda er utført, og denne rapport inkluderer utført arbeid, samt resultat og vurderingar. Separat rapport for utførte strømmålingar ligg også føre.

Føremålet med T1 er klarlegging av mogeleg ureining på sjøbotn i utfyllingsområdet.

Resultat frå miljøgransking T1 er framlagt for Flora Hamn KS i møte den 02.09.13. Rapporten er deretter sendt Fylkesmannen si miljøvernavdeling.

T1 ved Stranda syner miljøgifter i sediment med overskriding av grenseverdier. Området utgjer dermed pr. definisjon ein miljørisiko, og T2 skal utførast.

Overskridingane er små/moderate og gjeld også for området like utanfor utfyllingsområdet. Dette indikerer at tiltak ved utfylling bør vere tilsvarande små/moderate.


Føremålet med T2 er ei vurdering av den risiko som utfyllinga kan medføre for spreiding av ureining til området omkring deponiområdet.

Sist i denne rapport er ei kort beskriving av planlagt omfang og innhald av miljøgransking T2. Endeleg opplegg for T2 vil bli utforma i samråd med Fylkesmannen si miljøvernavdeling.

Måløy, 04.09.2013
Jan Arne Holm

Metode – T1

I «Trinn 1» skal det undersøkast om botnsediment i utfyllingsområdet er forureina av miljøskadelege stoff. Om dette er tilfelle og utfyllinga dermed kan medføre miljørisiko, skal «Trinn 2» gjennomførast (sjå Figur 1).



Figur 1.
Prinsippskisse for miljømessig risikovurdering under Trinn 1, 2 og 3.

Trinn 1 er ei forenkla risikovurdering, der miljøgiftkonsentrasjon og toksisitet av sedimentet blir samanlikna med grenseverdiar for økologiske effektar ved kontakt med sedimentet. Trinn 1 gjeld berre risiko for økologiske effektar, ikkje risiko for human helse. Grenseverdiar for 'ubetydeleg risiko' i trinn 1 er utarbeidd for 45 einiskildstoff og stoffgrupper, og er basert på kunnskap om toksisitet av dei ulike stoffa og kva som er akseptabel eksponering for miljøet. Grenseverdar i trinn 1 tilsvarer grensa mellom Klasse II og III i reviderte versjon av SFT's klassifisering av miljøkvalitet for marine sediment med omsyn på miljøgifter (SFT TA 2229/2007).

Ved å kombinere berekning og måling skal Trinn 2 kartlegge og vurdere risiko for spreining av forureina masser ved dumping av stein i deponiområdet, definere influensområde for moglege giftvirkningar, kartlegge viktige/sårbare naturressurar innafør antatt influensområde, samt rangere områda for deponering etter miljørisiko.

Sannsynlighet \ Konsekvens	Lav	Middels	Høy
Liten	Lav risiko	Moderat risiko	Høy risiko
Moderat	Lav risiko	Moderat risiko	Høy risiko
Stor	Moderat risiko	Høy risiko	Høy risiko

Figur 2.
Prinsippskisse for risikovurdering – m.a. nytta i samband med risiko for miljøskade frå marine miljøgifter.

Risiko er ofte framstilt som ein kombinasjon av sannsynet for at noko skal skje og konsekvensen av at dette skjer: sannsyn x konsekvens (sjå Figur 2).

Målet til risikovurderinga er å beskrive risiko for miljøskade (eller helseskade) som sedimenta utgjer, slik at ein kan bedømme om denne risiko er akseptabel eller ikkje. Slik risikovurdering er eit ledd i saksgangen for opprydning i forureina sedimenter, jfr. SFTs 'Rettleiar for handtering av forureina sedimenter' (SFT TA-1979/2004).

Om målt verdi er over grenseverdi, må ein gå vidare til 'trinn 2' som er ein omfattande risikovurdering, der målet er å fastslå om sjøbotnen utgjer uakseptabel risiko for skade på miljø eller helse, og om det er naudsynt å gjennomføre tiltak. Lokale og/eller regionale forhold skal bli vurdert saman med eigenskapar ved miljøgiftane. Trinn 2 omfattar tre sider av risikobiletet:

- Risiko for spreieing av miljøgifter
- Risiko for human helse
- Risiko for økosystemet

Risiko for spreieing: berekning og vurdering av miljøgifttransport frå sediment til vassmassane ved diffusjon, oppvirvling av sediment, biologisk aktivitet/graving i sjøbotnen (bioturbasjon), opptak i organismar og spreieing gjennom næringskjeda.

Trinn 1 er utført på lokalitet Stranda:

1. Prøvetaking er utført i felt den 26.04.2013, med beskriving av botntilhøva:
 - Botntype/sediment: fjell, stein, grus/sand, silt/leire
 - Botnfauna: førekomst av dyr (dyremangfald)
2. Sediment ved 5 prøvepunkt i utfyllingsområdet er analysert for:
 - Vassinnhald
 - Prosent finstoff, kornfordeling
 - TOC (totalt organisk karbon)
 - Tungmetall: arsen, bly, kadmium, kobber, krom, kvikksølv, nikkel, sink
 - PAH (16 stk polysykliske aromatiske hydrokarboner: PAH₁₆)
 - PCB (7 stk polyklorerte bifenylylar: PCB₇)
 - TBT (organisk bunde tinn).


Alle laboratorieanalyser er utført akkreditert og i hht. spesifikasjon ved underleverandør, Eurofins.

Om bunnsediment i utfyllingsområdet inneheld så høg konsentrasjon av miljøgifter at oppvirvling ved dumping av steinmasser kan medføre risiko for spreieing til området omkring utfyllingsområdet, er Trinn 2 aktuelt - jfr. tiltak i samband med utfyllinga.

Fjord-Lab AS og Molvær Resipientanalyse har lang erfaring i ulike typar miljøprosjekt, og feltarbeidet ved Stranda i Florø Hamn inkluderer bruk av godt innarbeidde metodar for datafangst og beskriving av tilstand i marine miljø.

Sedimentprøvetaking

Til prøvetaking av botnsediment på lokaliteten er ein liten vanVeen handgrabb nytta. Grabben dekker eit areal på om lag 283,5 cm² er handtert manuelt frå båt. Båt og mannskap tilhøyrande oppdragsgjevar er nytta ved alt feltarbeid. Ansvarleg for prøvetaking, GPS posisjonsbestemming m.v. er Fjord-Lab AS ved Jan Arne Holm.




Figur 3:
Prinsippkisse for prøvetaking av botnsediment med van Veen grabb frå båt [JAH].

Ved prøvetaking er prøvane beskrive og fotografert. Deretter er makroalgar, stein, grus og botndyr fjerna frå prøvematerialet, slik at berre dei finaste kornfraksjonar er med i prøvematerialet (sand/skjelsand, silt ..).


Sedimentprøvane er samla på reine prøveglas som er merka med stasjonsnr. og frosse ned før forsending til laboratorium. Analysane er utført ved Eurofins. Akkrediteringsomfang for den enkelte analyse er angitt på analyserapport.

Alle analyserapportar er vedlagt bak i denne rapport.

Kart




Figur 4: Bilde fra ytre Sunnfjord med Stranda i Florø (rød sirkel) [iSailor Ver. 1.5.2, Transas Marine Ltd. / JAH]



Figur 5: Kartutsnitt fra lokalitet Stranda med planlagt utfyllingsområde [T-Geom iVestConsult].

Prøvestasjonar




Figur 6: Kartskisse på lokalitet Stranda (1-m koter), med:
- Utfyllingsområde: rødt/blått skravert område
- Sedimentprøvestasjonar: lys blå posisjonar (nr 1 – 5)
- Straumrigg: i posisjon vest («V») og nord («N»)

[T-GEOM iVestConsult / JAH].



Figur 7: Frå feltarbeid på Stranda den 26.04.2013, med bruk av Flora Hamn sin båt «Stabben».



Figur 8: Området ved Stranda, sett mot aust (t.v.) og vest (midt + t.h.).

RESULTATER

Sedimentprøver

Sediment er teke frå 5 prøvestasjonar i området ved Stranda, vest for Fugleskjærskaja (sjå kart Figur 5 og 6, samt foto Figur 7 og 8).

Idet ein også ville kartlegge miljøtilstanden i tilgrensa område til utfyllinga er det teke prøver frå eit noko større område enn det omsøkte utfyllingsområdet i Stranda. Dersom miljøtilstanden er nokonlunde tilsvarande på utsida av utfyllingsområdet som på innsida, må tiltak tilpassast ein slik situasjon.

Grovt botnsediment (sand, grus) og mykje makroalger på botn, gjorde prøvetaking særst vanskeleg ved dei fleste stasjonar. Dvs. mange «bomskudd» utan sediment, slik at grabben måtte nyttast mange gonger for å sikre tilstrekkeleg prøvemengde til analyse (> 500g). Fine sediment bør nyttast til analyse av miljøgifter, og dei grovaste fraksjonane er her utsortert ved prøveuttak til analyse (ikkje mogleg å analysere i dei grovaste fraksjonane).

Prøvane er samleprøvar av sediment frå 5 – 20 stk enkeltprøvar frå kvar stasjon, frå om lag 5 – 10 m omkring stasjonen si angitte posisjon.

Ved den planlagte stasjon 5 var det fjell (bratt topografi), og stasjonen var flytta litt nord til flat sandbotn – rett vest av kaja (sjå Figur 6).

Tabell 1. *Prøvestasjonar med posisjon, beskriving av botnsediment, dyr m.v.*

Stasjon	Posisjon	Visuell beskriving	Botndyr
1 (6-7m djup)	61°36.044N – 05°01.248E	Stein/grus, lys/grå luktfri mellomgrov skjelsand/sand	Slangestjerner, krepsdyr, børstemark, div. mark
2 (8-8,5 m djup)	61°36.063N – 05°01.252E	Mest stein/grus, litt lys/mørk luktfri skjelsand/sand	Krepsdyr, sjøtann, børstemark, div. mark
3 (5-5,5 m djup)	61°36.060N – 05°01.329E	Mest stein, makroalgar, små felt med lys luktfri skjelsand	Slangestjerner, krepsdyr, div. mark
4 (ca 8,5 m djup)	61°36.060N – 05°01.191E	Stein/grus, luktfri fin lys skjelsand, stadvis noko mørkare	Slangestjerner, krepsdyr (inkl. krabbe), div. mark
5 (ca 18 m djup)	61°36.104N – 05°01.290E	Grus, lys luktfri skjelsand	Slangestjerner, krepsdyr, nakensnegl, div. mark m.v.
5 (sør)* (6-8 m djup)	61°36.079N – 05°01.287E	Fjell, luktfri	Slangestjerner ..

**Denne stasjonen var opprinnelig planlagt, men måtte forkastast i felt grunna fjellbotn (bratt).*

Botnen i området ved Stranda er rimeleg jamn, utan vesentlege forseinkingar eller toppar. Sediment er generelt grovt, med mykje skjelsand, grus og stein. I nord mot kai/molo er det rimeleg bratt (jfr. tette dybdekoter på kart, Figur 6), med rein fjellbotn.

Generell førekomst av grovt sediment indikerer rimeleg gode straumtilhøve nær botn, og dermed truleg også gode oksygentilhøve (ikkje målt). Grov vurdering av botndyr, med generell førekomst av ulike artar, indikerer rimeleg bra artsmangfald (diversitet) og gode biologiske tilhøve (se også Figur 9 – 14).

Foto – Sediment

Foto av sedimentprøvene fra feltarbeidet den 26.04.2013, ved Stranda - like vest for Fugleskjærskaiia: er synt i Figur 9 – 14.



Figur 9: Foto av sedimentprøver ved stasjon 1.




Figur 10: Foto av sedimentprøve ved stasjon 2.



Figur 11: Foto av sedimentprøver ved stasjon 3.



Figur 12: Foto av sedimentprøver ved stasjon 4.



Figur 13: Foto av sedimentprøver ved stasjon 5 (nord): ny posisjon for stasjonen grunna fjell lenger sør.



Figur 14: Foto av sedimentprøve ved stasjon 5 (sør): berre fjell her - stasjonen var difor forkasta.

Vurdering – Trinn 1

I trinn 1 skal miljøgranskinga inkludere:

1. Aktuell/framtidig arealbruk
2. Areal og vassdjup
3. Sedimenttype (sand, silt, leire, mudder ..)
4. Miljøgiftinnholdet i sjøbunnen
5. Vurdering av giftigheit (toksisitet) i høve til grenseverdier

1. Arealbruk - Miljømål

Miljømål kan være kortsiktige og/eller langsiktige forvaltningsmål. Flora kommune har ikkje vedteke særlege Miljømål for det aktuelle området, utover at dette er planlagt utfyllt og nytta til 'hamneføremål', jfr. gjeldande reguleringsplan i Flora kommune. Stranda er eit hamne/ sentrumsområde, sentralt i Florø hamn, og ein kan truleg langt på veg utelukke bruk av området til fritids/rekreasjonsaktivitetar.

2. Areal og vassdjup

Området som skal fyllast ut er totalt 5 400 m² (botnareal, målt ved fyllingsfot). I dette området er 3 sedimentprøvar teke. I tillegg er 2 prøvar teke like utanfor fyllingsområdet, mot nord og vest.

I utfyllingsområdet er det frå 2 m til 8,5 m djupt (størst areal på om lag 6 – 8 m djup), med størst djupne i nordvestre hjørne av utfyllingsområdet.

3. Sedimenttype

Det er i all hovudsak sand, grus og stein på botn i utfyllingsområdet. Grove sediment er ikkje eigna til kjemisk analyse av miljøgifter, og difor er disse sortert ut av prøvane ved prøvetaking. Kornfordelingsprofilen i analysane er difor ikkje representativ for alt sediment i området, men er heller ei beskriving av dei finaste sedimentfraksjonane. Dette er viktig for vurdering av evt. suspensjon/spreiingspotensiale ved utfylling.

Tabell 2: Sedimenttype med innhald av organisk materiale og andel finstoff.

Stasjon	Tot. tørrstoff	T.S. Glødetap	TOC	Finstoff < 2µm	Finstoff < 63µm
1	75 %	2,2 %	0,8 %	2,6 %	2,9 %
2	66 %	3,3 %	1,9 %	2,9 %	3,0 %
3	70 %	1,7 %	1,1 %	2,2 %	2,6 %
4	59 %	3,7 %	1,4 %	3,2 %	3,3 %
5	60 %	3,4 %	1,4 %	2,4 %	2,4 %

Andel med organisk materiale i sedimentprøvane er her analysert som % glødetap og totalt organisk karbon (TOC). Analyse av kornfordeling er konsentrert om finfraksjonen, dvs. silt og leire: Tabell 1 syner resultatata for dei ulike sedimentprøvane.

Sjølv om dei grovaste sedimentfraksjonane var utsortert på førehand, så ser ein likevel at andelen av dei finaste fraksjonar i alle prøvane er særst låg, dvs. med berre om lag 2 – 3 % finstoff < 2 µm (leire) og om lag 2,5 – 3 % finstoff < 63 µm. Også innhald av organisk materiale er lågt, med om lag 2 – 3 % glødetap og 1 – 2 % TOC.

4. Miljøgifter

Sedimentprøvene er analysert for 8 tungmetall, 16 PAH, 7 BCB, TBT, samt TOC, tørrstoff, glødetap og kornstorleik (alle rapportar vedlagt). I høve til gjeldande grenseverdier er fylgjande resultat og overskridingar påvist:

Tabell 3: Miljøgifter i sediment, oppsummert: grenseverdier Trinn 1 og Tilstandsklasse (miljøtilstand).

Stasjon	8 Tungmetall			Resultat: Trinn 1 (TA-2230/2007: Faktaboks 3)	Tilstandsklasse (TA-2229/2007: Tab.7b)
	< grense	> grense	> 2 x grense		
1	8 stk	0 stk	0 stk	OK for alle 8 tungmetall	I og II
2	8 stk	0 stk	0 stk	OK for alle 8 tungmetall	I og II
3	8 stk	0 stk	0 stk	OK for alle 8 tungmetall	I og II
4	8 stk	0 stk	0 stk	OK for alle 8 tungmetall	I
5	8 stk	0 stk	0 stk	OK for alle 8 tungmetall	I

Stasjon	16 PAH			Resultat: Trinn 1 (TA-2230/2007: Faktaboks 3)	Tilstandsklasse (TA-2229/2007: Tab.7b)
	< grense	> grense	> 2 x grense		
1	4 stk	1 stk	11 stk	OVERSKRIDING for 11 PAH	II,III, IV og V
2	5 stk	2 stk	9 stk	OVERSKRIDING for 9 PAH	I, II, III og IV
3	4 stk	2 stk	10 stk	OVERSKRIDING for 10 PAH	I,II,III, IV og V
4	5 stk	4 stk	7 stk	OVERSKRIDING for 7 PAH	I, II, III og IV
5	10 stk	3 stk	3 stk	OVERSKRIDING for 3 PAH	I, II, III og IV

Stasjon	Sum 16 PAH			Resultat: Trinn 1 (TA-2230/2007: Faktaboks 3)	Tilstandsklasse (TA-2229/2007: Tab.7b)
	< grense	> grense	> 2 x grense		
1	0 stk	0 stk	1 stk	OVERSKRIDING for Sum PAH	IV
2	0 stk	0 stk	1 stk	OVERSKRIDING for Sum PAH	IV
3	0 stk	0 stk	1 stk	OVERSKRIDING for Sum PAH	IV
4	0 stk	0 stk	1 stk	OVERSKRIDING for Sum PAH	IV
5	1 stk	0 stk	0 stk	OK for Sum PAH	II

Stasjon	Sum 7 PCB			Resultat: Trinn 1 (TA-2230/2007: Faktaboks 3)	Tilstandsklasse (TA-2229/2007: Tab.7b)
	< grense	> grense	> 2 x grense		
1	1 stk	0 stk	0 stk	OK for Sum 7 PCB	II
2	1 stk	0 stk	0 stk	OK for Sum 7 PCB	I
3	1 stk	0 stk	0 stk	OK for Sum 7 PCB	II
4	1 stk	0 stk	0 stk	OK for Sum 7 PCB	I
5	1 stk	0 stk	0 stk	OK for Sum 7 PCB	I

Stasjon	TBT			Resultat: Trinn 1 (TA-2230/2007: Faktaboks 3)	Tilstandsklasse (TA-2229/2007: Tab.7b)
	< grense	> grense	> 2 x grense		
1	1 stk	0 stk	0 stk	OK for TBT	III
2	0 stk	0 stk	1 stk	OVERSKRIDING for TBT	V
3	1 stk	0 stk	0 stk	OK for TBT	IV
4	1 stk	0 stk	0 stk	OK for TBT	II
5	1 stk	0 stk	0 stk	OK for TBT	II

Dei analyserte miljøgifter er 'Anbefalt minimumsliste over analyseparameter for å karakterisere sedimentprøvar' (forundersøking til Trinn 1 i risikovurderinga) i Klif (tidl. SFT) sin rettleiar 'Risikovurdering av forureina sediment' (SFT-TA:2230/2007).

I sediment er det fastsett grenseverdier for:

- 8 stk tungmetall: Arsen, Bly, Kadmium, Kobber, Krom, Kvikksølv, Nikkel, Sink
- 16 stk PAH-stoff og Sum 16 PAH,
- Sum 7 PCB-stoff og
- TBT.

5. Toksisitetsvurdering

Resultat oppsummert (jfr. Tabell 3, Analyserapportar og Grenseverdier i Vedlegg):

- 8 tungmetall*: OK i høve Trinn 1 for alle sedimentprøver.
- 16 PAH: Overskriding av Trinn 1 for alle sedimentprøver.
- Sum 16 PAH: Overskriding av Trinn 1 for sedimentprøve nr 1 – 4, OK for nr 5.
- SUM 7 PCB: OK i høve Trinn 1 for alle sedimentprøver.
- TBT: Overskriding av Trinn 1 for sedimentprøve nr 2, OK for nr 1, 3 – 5.

* Arsen, Bly, Kadmium, Kobber, Krom, Kvikksølv, Nikkel, Sink

Rettleiaren seier at sediment skal vurderast til å utgjere ein «ubetydeleg risiko» og kan bli «friskmeldt» dersom:

- Gjennomsnittskonsentrasjon for kvar miljøgift over alle prøver (minst 5) er lågare enn grenseverdi for Trinn 1, og ingen einskildkonsentrasjon er høgare enn den høgaste av:
 - 2 x grenseverdi,
 - grensa mellom klasse III og IV for stoffet.
- Toksisiteten av sedimentet tilfredsstillar grenseverdiane for alle analyser.

I alle 5 sedimentprøvar frå Stranda er det påvist miljøgifter > 2 x grenseverdi. Flest overskridingar gjeld for 16 PAH og Sum 16 PAH. For TBT er det berre prøve nr 2 som ligg over grensa. For alle 8 tungmetall og for 7 PCB er alle prøvar ok.

Påviste overskridingar > 2 x grenseverdi tilseier at sediment i området kring Stranda pr. definisjon utgjør ein miljørisiko. Dette inkluderer både det planlagde området for utfylling, så vel som området like utanfor dette.

Ved vurdering av spreingsrisiko ved utfylling av omsøkte område, vil fylgjande informasjon ha interesse:

- Alt sediment i området ved Stranda har overskriding av einskildstoff av PAH₁₆
- Alt sediment, forutan ved nr 5 (lengst nord), har overskriding av Sum PAH₁₆
- Berre sediment ved nr 2 (nordvest i utfyll.omr.) er over grenseverdi for TBT
- Alt sediment i området ved Stranda er «friskmeldt» for alle tungmetaller
- Alt sediment i området ved Stranda er «friskmeldt» for PCB₇
 - Dette indikerer moderat omfang av miljøgifter: primært PAH-stoff
- Alt sediment i området ved Stranda inneheld ulike arter botndyr: bra diversitet
 - Dette indikerer rimeleg gode biologiske tilhøve ved botn
- Sediment i området er primært grovt: stein, grus, sand/skjelsand
- Sediment i området inneheld relativt lite finstoff (leire) og organisk materiale.
 - Dette indikerer potensielt moderat spreingsrisiko ved utfylling

Granskinga syner påviste miljøgifter > 2 x grenseverdi i alle 5 sedimentprøver frå Stranda, og i hht. metoden skal Trinn-2 gjennomførast.

Overskridingane er likevel 'små' og inkluderer sjøbotn like utanfor utfyllingsområdet. Dette indikerer behov for små/moderate tiltak ved utfylling av omsøkte område.

OPPSUMMERING / KONKLUSJON – T1

Prøvetaking og analyse er utført av sediment frå 5 stasjonar innanfor/like utanfor planlagt utfyllingsområde ved Stranda, like vest for Fugleskjærskaya i Florø Hamn.

Feltarbeid er utført den 26.04.2013 av Fjord-Lab AS, med båt/mannskap frå Florø Hamn KS. Sediment er prøveteke med liten van Veen handgrabb frå båt.

Stasjonane er posisjonsbestemt med Garmin GPSmap 60Cx. Sedimentprøvar er samleprøve av min. 4 grabbhugg frå kvar stasjon, der grove massar er utsortert.

Analyse av miljøgifter i sedimentprøver syner overskriding av grenseverdier – primært for PAH-stoff – frå alle 5 stasjonar i området.

I hht. «Trinn 1-metoden» tilseier dette at alt sediment i området kring Stranda pr. definisjon utgjer ein miljørisiko.

Overskriding for PAH-stoff gjeld både for botnsediment innanfor planlagt område for utfylling, så vel som for området like utanfor dette.

Omfanget av miljøgifter er likevel moderat. For øvrige miljøgifter (utover PAH) gjeld:

- berre prøve nr 2 ligg over grensa for TBT
- alle prøvar er ok («friskmeld») for PCB₇
- alle prøvar er ok («friskmeld») for tungmetall: Arsen, Bly, Kadmium, Kobber, Krom, Kvikksølv, Nikkel, Sink

Grov vurdering av botndyr og påvising av ulike artar i området, indikerer bra arts-mangfald (diversitet) og tilsynelatande gode biologiske tilhøve ved alle stasjonar.

Analyse av sedimentprøvane syner særst lite organisk materiale, med berre 2 – 3 % glødetap og 1 – 2 % TOC.

Kornfordelingsanalyse av sedimentprøvane syner også særst lite finstoff, med berre 2 – 3 % < 2 µm (leire) og om lag 2,5 – 3 % < 63 µm.

Prøvetakinga i området påviste høg andel av grovt sediment på botn. Det var til dels særst vanskeleg å få opp sand og/eller finare sediment ved dei fleste stasjonane.

Sedimentet er grovare enn kornfordelingsanalysa syner: fordi miljøgifter helst skal analyserast i finsediment blei dei grovaste fraksjonane utsortert ved prøvetaking.

Grovt sediment og låg førekomst av fine sedimentfraksjonar (leire og organisk finstoff) indikerer redusert risiko for suspensjon og spreining av miljøgifter ved utfylling.

Sediment ved Stranda utgjer ikkje ein «ubetydeleg risiko», men granskinga kan så langt indikere behov for små / ingen tiltak ved utfylling av omsøkte område.

OPPFØLGING – T2

Analyse av miljøgifter under Trinn 1 (T1) har avdekket at sediment frå alle undersøkte stasjonar ved Stranda pr. definisjon utgjer ein miljørisiko.

Overskriding av grenseverdier gjeld primært for PAH-stoff, og er påvist for sediment både innanfor planlagt område for utfylling, så vel som for området like utanfor dette.

Utfyllingsområdet har eit botnareal på 5 400 m², og blir dermed klassifisert som eit 'Mellomstort tiltak' (jfr. Tabell 1 + 2, Klif TA-2802-2011). Arealgrensa for 'Mellomstort tiltak' er frå 1 000 – 30 000 m², og dette er dermed eit relativt lite 'mellomstort tiltak'. Risikovurderinga kan dermed forenklast noko.

Føremålet med T2 er ei vurdering av den risiko som utfyllinga kan medføre for spreiding av ureining til området omkring deponiområdet.

I utgangspunktet skal Trinn 2 vurdere/kartlegge spreiding av forureina masser ved dumping av stein i utfyllingsområdet, definere influensområde for moglege giftverknader ved kombinasjon av berekningar og målingar, kartlegge viktige/sårbare naturressurar innafor influensområdet, vurdere risiko for økologiske effektar og human helse, samt rangere utfyllingsområdet etter miljørisiko.

I det følgjande er skissert forslag til innhald i miljøgransking T2 for planlagt utfylling i området ved Stranda. Basert på området si miljøbetydning, bruksform, storleik og omfang av grenseoverskriding er framlegget til risikovurderinga i T2 forenkla.

Framlegg til gjennomføring av Trinn 2:

1. Kornfordeling – Sediment

For å berekne andel av sediment i deponiområdet som kan gå i suspensjon, samt rekkevidde av transport før sedimentasjon, må kornfordelinga av sedimentet vere mest mogleg korrekt beskrive. Andel finstoff (<2µm) i sedimentet har naturlegvis størst betydning her.

I T1 er botntilhøva grovt beskrive basert på prøvetaking og vurdering i felt. Prøvetaking under T1 med handgrabb var vanskeleg grunna primært fast og grovt sediment, samt mykje makroalgar på botn. Dette medførte utilfredsstillande lukking av grabben og mange nye forsøk.

Prøver til analyse av miljøgifter under T1 var dessutan basert på dei finaste kornfraksjonane (sand og finare) og dei grovaste fraksjoner blei utsortert. Dei utførte kornfordelingsanalyser er derfor ikkje heilt representative for sediment i området.

Under T2 blir dykkar (Sunnfjord Dykkerservice) nytta til feltarbeid for fotografering og prøvetaking av sediment. Kvantitative sedimentprøver vil bli teke ved dei 5 stasjonane nytta under T1, og analysert akkreditert for kornfordeling ved Eurofins m.o.t.: < 2µm / < 63µm / % tørrstoff / % glødetap (organisk materiale).

1. Turbiditet – Normaltilstand

For å kunne rekne på suspensjon av sediment ved utfylling bør ein ha informasjon om normalsituasjonen i området. CTD med turbiditet-sonde blir nytta frå båt for å finne 'normal' turbiditet i vassøyla. Måling bør utførast ved ulike tilhøve (vær/årstid) t.d. minimum 3 måleseriar.

2. Spreiingspotensiale

Det er ingen standard metode for berekning av hvilke mengder partiklar som blir virvla opp ved massedumping i sjø. Storleiken på influensområdet blir ofte bestemt ved ein kombinasjon av berekning og overvaking.

Spreiing av partiklar og konsentrasjon av miljøgifter blir berekna ved bruk av 'Visual Plumes' (Frick et al. 2001), ein matematisk modell ofte nytta ved utslepps-berekning. Modellen bereknar partikkelkonsentrasjonen som funksjon av fortynning og partikkelutsynking (sedimentasjon). Til utsynkingsberekning må ein ha kunnskap om partikkelstorleik (kornfordelingskurve).

Karakteristiske storleiker blir lagt inn i 'Stokes formel', som gir tilsvarande synkehastigheiter, som igjen blir nytta som input i modellen. Avhengig av sedimentvariasjonen i utfyllingsområda blir difor (ein eller fleire) kornfordelingskurvar utarbeidd under T2.

Registrering av straumtilhøva ved botn med straummålare er allereie utført i området under T1 (to målestasjonar), og blir lagt til grunn for spreingsberekninga.

3. Naturressursar

Kartlegging av eventuelle viktige / sårbare naturressursar innanfor antatt influensområde blir utført basert på tilgjengeleg informasjon i eksisterande databaser, t.d.: Artskart, Naturbase, Mareano, Havmiljø.no. Søket blir kvalitetssikra i samråd med Artsdatabanken.

Alternativt kan identifisering av organismar/dyresamfunn i deponeringsområdet utførast ved hjelp av særslikt feltmetode (NS 9410, NS-EN ISO 5667-19, NS-EN ISO 16665) m.v.

Vi finn imidlertid sistnemnde unødvendig omfattande og kostbart då prosjektet er eit relativt lite 'mellomstort tiltak' (areal), dyr med rimeleg bra artsrikdom er påvist i alle prøver i området (grov diversitetsanalyse), ligg i eit urbant miljø (havn), og grenseoverskriding av miljøgifter er berre 'moderat' (kvalitativt og kvantitativt).

4. Økologiske effektar

I metoden er det ikkje angitt eigne faktorar for vurdering av risiko for økologiske effektar i T2, utover det som ligg til grunn for grenseverdiar for miljøgifter i sediment (jfr. grense mellom Klifs klasse II og III for marine sedimenter samt grenseverdiar for toksisitet). Disse er allereie omtala og vurdert i T1.

Metodar for gransking og vurdering om overskriding verkeleg gjer økologisk skade i den aktuelle situasjon ligg til Trinn 3 (T3). Kunnskap om sammenheng mellom miljøgiftbelastning og biologiske effektar i naturlege komplekse økosystem er generelt låg, og vurdering av slik risiko er derfor særst vanskeleg og krev stor grad av fagleg skjønn.

Som nemnt i punktet over er utfyllinga dessutan eit forholdsvis lite 'mellomstort tiltak' utan krav til full risikovurdering.

5. Human helse

I T2 blir også risiko for human helse vurdert, basert på 'transportveggar' til mennesker etter korleis det aktuelle sedimentområdet blir nytta: havneverksemd, rekreasjon, fangst av sjømat m.v. Jfr. biotilgjengelegheit frå miljøgifter i sediment til botndyr, og deretter vidare oppover i næringskjeden - via fisk og skaldyr - til mennesket

Her kan ein grov vurdering av dei aktuelle påviste miljøgifter inngå. Det er primært PAH-stoff som har overskriding av grenseverdier i området ved Stranda.

6. Rangering av miljørisiko

Deponiområdet er definert som eit 'mellomstort tiltak' (5 400 m² fyllingsareal), og vil bli rangert etter miljørisiko basert på funn under T1, samt funn og berekningar under T2.

Miljørisiko = sannsynlegheit for hending x miljøkonsekvens

Miljørisiko er ein funksjon av sannsynlegheita for at ei hending (t.d. spreining av miljøgifter) vil skje og miljøkonsekvensen gitt ei slik hending.

Fylgjande metode (men forenkla) blir nytta for berekning av miljørisiko:

1) analysefærbuing, 2) fastsetting av miljørisikoakseptkriteriar, 3) system- og aktivitetsbeskriving, 4) identifisering av kjelder til risiko og uønska hendingar, 5) berekning av sannsynlegheit og konsekvensvurdering / dose-respons vurdering, 6) berekning og vurdering av miljørisiko, 7) vurdering av usikkerheit og følsomheit, 8) vurdering av risikoreduserande tiltak.

(ref. «Miljørisikoanalyse – Regelverk, teori og metoder» NTNU juni 2010)

7. Tiltak

Behov for / forslag til eventuelle tiltak under dumping av stein i utfyllingsområdet, vil bli avklara i T2 som konsekvens av berekning av spreingspotensiale for miljøgifter pkt. 8 i rangering av miljørisiko samt økologisk og helsemessig skade.

Dersom utfyllinga utgjør ein uakseptabel risiko må tiltak iverksettast for å bringe denne risiko ned. I så fall vil slike tiltak vere inkludert i T2.

8. Overvaking

Under sjølve dumpinga kan det på faste førehandsdefinerte stasjonar innafør influensområdet takast måling av partikkelkonsentrasjon (turbiditet) med profilerande sonde. Eventuelt kan også prøver av miljøgifter (vatn/sediment) takast. Resultata nyttast primært til overvaking og evt. også som input til utførte berekningar.

